



Notat

Dato: 11.02.2015
Arkivsak: 2014/558-124
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Samferdselsavdelinga

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Nordhordlandspakken - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne mottok ei slik førespurnad frå Foreningen for Muskelsyke Hordaland/Sogn og Fjordane:

«Nordhordland får truleg ny bompengepakke om ikkje så lenge. Nordhordlandspakken. Om denne pakken går gjennom slik vi får det skissert i dag vil innbyggjarane i nordre og østre del av Lindås kommunen måtte betale for å komme til kommunesenteret Knarvik. Alle i kommunen må betale for å komme til Bergen, dette gjeld og for dei andre kommunane Meland, Radøy, Austrheim, Fedje, Masfjorden og all jennomgangstrafikk på E 39 og Fylkesvegen frå Mongstad/Leirvåg.

Kunne det vere ei oppgåve for foreninga å arbeide for at personar med gyldig parkeringskort for rørslehemma slepp gjennom bommen gratis slik det er i Bergen. Om foreninga ikkje kan ta på seg eit slikt arbeid kunne dei då videresende oppfordringa til NHF.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskja å spørje samferdselsavdelinga om korleis dette vert gjort i andre bompakkar? Og om det er mogleg å inkorporere i Nordhordlandspakka?

Harald Norheim
Fungerande leiar